

Tre gull til Uskedal IL i Kvinnheradsmeisterskapet

12.03.2007



Ein fornøgd Pål Haugland etter nok eit godt løp. (Foto: Silje Bråtun)

Uskedelingane gjorde det svært godt då Kvinnheradsmeisterskapet i langrenn vart arrangert i Fjellhaugen Skisenter søndag. Skodde og litt mange plussgrader stoppa ikkje dei spreke langrennsløparane. Med raud og gul klister under skia fekk dei god fart på skia gjennom løypa i rennet som gjekk i klassisk stil.

Pål Haugland(61-65 år)og Kari Bråtun(J-11 år) gjentok bedriften frå fristilrennet sist helg. Begge gjekk igjen gode løp og vann igjen sine klassar. Cathrine Haugland var tilbake på startstrekken, og ho sikra seg meisterskapet i dameklassen etter eit flott gjennomført løp. I tillegg markerte både Ingebjørg Haugland (J-12 år) og Katrine Røssland (J-11 år) seg på ein positiv måte med gode løp i sine klassar.

Stig Berge Soldal som i år går Omvikdalen il., vart kvinnheradsmeister i seniorklassen, 31-35 år.

Det var skigruppa i Rosendal Turnlag som stod for arrangementet. Det vert meldt at dei gjorde ein svært god jobb.

Av Thor Inge Døssland



Vinnaren i Jenter-11 år, Kari Bråtun, i midten, saman med dei to hardaste konkurrentane, Helene Skåla og Silje Øyre frå Rosendal Turnlag.(Foto: Silje Bråtun)